

Vått, men godt SPAR-løp.

25.04.2015



Vått i veret, men tett med folk!

Vergudane prøvde å setja ein dempar SPAR-løpet sentralt i Uskedalen laurdag middag, med regn som sila ned. Det klarte dei ikkje sjølv om arrangørane, deltakarane og publikum i det flotte løpet hadde fortent betre ver. Alle tok det med godt humør, og dei blide og fornøgde barna som deltok gjorde det til ei feststund for alle.

SPAR-løpet var også Kvinnheradsmeisterskapet i terrengrøp dette året. I tillegg var løpet den avsluttande tevlinga i terrengrøpskarusellen dette året. Deltakinga var svært god særleg i dei yngre årsklassane. I skrivande stund har vi ikkje eksakt deltakartal, men vi veit at det var 115 førehandspåmeldte. I yngste gateklasse som sprang på tid var det godt over 30 deltakarar, og det var så mange at dei måtte fordelast på 4 heat p.g.a. tidtakarsystemet.

Arangementet vart raskt og greitt avvikla med det store deltakartalet, og arrangøren melder i denne samanhengen at det var veldig flott at så mange hadde nytta seg av førehandspåmelding. Sigurd Børve var rutinert speaker og han styrt framdrifta på ein flott måte.

Med 3 løp i eitt var det ei solid premiering. Det vanka medaljar til alle som hadde delteke i minst 3 av dei 4 løpa i terrengrøpskarusellen. I Kvinnheradsmeisterskapet var det gull-, sølv- og bronsemedalje til dei 3 beste. I SPAR-løpet hadde SPAR ordna med premie til alle deltakarane. Det var ein svært så innhaldsrik pose med godsaker og diverse anna. Med slik premiering vart jo berre dei blide deltakarane endå meir fornøgde.

Med SPAR-løpet er terrengrøpssesongen avslutta. Også den andre sesongen med terrengrøpskarusellen har vore ein stor suksess! Nyetablerte Tysnes Sparebank er sponsor for karusellen. Det vert dei også dei to komande åra då dei 4 samarbeidslaga Herøysund IL, IL Ternen, IL Trio og Uskedal IL har gjort ein dugnadsjobb for dei.

SAKA VERT OPPDATERT NÅR VI HAR FÅTT RESULTATA.



Camilla M. Ripel, Emma M. Ripel og Anna Elisabeth Samland Eik søkte ly for veret etter dei hadde gjort unna oppvarminga.



4 år gamle Linnea Njaastad Rød sprang flott gjennom løypa hand i hand med Kari Bråtun.



Jan Tore Johnsen og Eirik Nordal gjorde god jobb som løypevakter saman med Toralf Bondhus som ikkje var til stades då biletet vart teke. Dei sette pris på varm kaffi i det sure veret.



Linnea M. Ripel viser fornøgd fram nokre av premiane i SPAR-løpet, og framleis er det mykje att i posen.



Joakim L. Myklebust delte ut chips til deltakarane frå SPAR

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.